

PRAKSISNYTT

Informasjon Kommunikasjon Samarbeid
Praksis-Konsulent-Ordninga

Allmennpraksis Sjukehus Spesialistpraksis

Nr. 7 Årg. 12
13. mai 2009



Stavanger Universitetssjukehus
Helse Stavanger HF

DEMENS

REVIDERT OPPLEGG FOR SAMARBEID MELLOM FASTLEGANE OG 3 POLIKLINIKKAR

Bakgrunn

Representantar for geriatri, alderspsykiatri, neurologi og PKO har saman blitt samde om reviderte retningslinjer med bakgrunn i Helsedirektoratets nye reviderte utgåve av utredningsverktøyet *Demensutredning i kommunehelsetjenesten* laga i samarbeid med Nasjonalt kompetansesenter for demens. Det er sendt til alle kommunar, og er i tillegg å finna på www.aldringoghelse.no.

Kommunen og fastlegen sine oppgåver

I kommunane bør utredningsverktøyet leggst til grunn ved all utredning av kognitiv svikt. Ein føresetnad for dette er at kvar kommune oppretter eit demensteam som saman med fastlegen gjer kvar sin del at utredninga. Geriatrisk, alderspsykiatrisk og neurologisk poliklinikk vil på same måte ha som føresetnad at utredning i samsvar med verktøyet er gjort på dei pasientane som blir tilvist. I praksis vil dette seia: (Sjå utredningverktøy til bruk for LEGER for detaljer)

- oppsummering av anamnese, undersøkingar og funn gjort av demensteamet
- supplerande anamnese
- somatisk undersøking
- blodprøver
- MR cerebrum
- oppfylling av ICPC-2 P-70 kriterier for demens
- oppdatert medisinliste

Indikasjonar for tilvising til spesialisthelstenesta

- diagnostisk avklaring av uklare tilstandar
- usikre kognitive symptom og/eller problematferd
- mange andre kompliserande sjukdommar
- tvil om rett medikamentbruk

Rett poliklinikk

- Alderspsykiatrisk poliklinikk
Demenstilstander dominert av psykologiske forstyringer og atferdsavvik.
- Geriatrisk poliklinikk
Pasientar > 70 år med kognitiv svikt, kompliserande somatiske sjukdomar og/eller polyfarmasi.
- Nevrologisk poliklinikk
Pasientar < 70 år eller med nevrologiske tilleggssymptom.

Undervisningstilbod til kommunane

Ein ser det som avgjerande at kommunane nå organiserer utredning av kognitiv svikt etter dei nye retningslinene. Alderspsykiatrisk seksjon har difor laga eit undervisningsopplegg for å hjelpe kommunane i gong med organisering av demensteam og skolering av deltakarar . Ønsket er ettekvart å få i stand eit fagnettverk for utredning og behandling av kognitiv svikt. Interesserte kontaktpersonar i kommunane og dei ulike kollegagruppene til fastlegane kan ringa Allan Øvereng på *mobilnr. 915 34 557* for å avtala undervisning og hjelp.

Tidsplan

Mange kommunar er alt godt organisert for dette arbeidet. Andre er ikkje kome i gong endå. Poliklinikkane vil ta omsyn til dette i vurderinga av tilvisingar. Men frå 1. januar 2010 reknar ein med at kommunane har fullført sin del av organiseringsarbeidet slik at denne vegleiinga kan gjelda fullt ut, men med den fleksibilitet som alltid må vera til stades når generelle råd skal fylgjast.

For PKO	Alderspsykiatrisk poliklinikk	Geriatrisk poliklinikk	Neurologisk poliklinikk
<i>Ivar Halvorsen</i>	<i>Raman Dhawan</i>	<i>Hogne Sønnesyn</i>	<i>Corinna Vossius</i>
<i>Eivind Vestbø</i>	<i>Allan Øvereng</i>		

Telefonnummer på røntgenrekvisisjon

Kan dere setter tilgjengelig tlf.nr. på rekvisisjone? Dette er veldig viktig for oss, og ville lette kommunikasjon/diskusjon og tilbakemeldinger betraktelig. Hvis vi må bruke lang tid for å finne rekvisisjonen, så har vi ofte ikke tid til dette.

Anne Hylland
Avd.sjef, Avd.for radiologi

ME/CSF

Stor konferanse for helsepersonell på SUS i store auditorium 12. juni 2009 med en verdensledene forsker på ME/CSF. Se www.pko.no/sus/Oppslag/ME_konf.pdf.

Åse Marie Lønning
ME-foreningen i Rogaland

Praksisnytt via e-post?

Send namn, arbeids- og e-postadresse til redaktøren på asgeir.haugedal@sandtangen.nhn.no

På <http://www.pko.no> kan du søke i gamle Praksisnytt samt finne oppdatert ventetid rtg.